

## Sogn og Fjordane Ungdomslag

ORGNR. 974805677  
WWW.SOFUL.NO  
HTTPS://WWW.FACEBOOK.  
COM/SOFUL/

### Pressemelding

Kontaktpersonar:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane  
Pål Fidjestøl  
Mob. 911 58 009  
post@sparebankstiftinga.no

Huset i bygda  
Christoffer Knagenhjelm  
Mob.: 48004817  
E-post: [christoffer@ungdomslag.no](mailto:christoffer@ungdomslag.no)

23.03.2018

### SØKNAD TIL LAGSEIGDE KULTURBYGG

I 2016 innførte Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane ei eiga ordning for bygningsmessige tilretteleggingar av lagseigde kulturhus, med søknadsfrist 15. april. Ordninga er sær populær. Sidan starten har vi fått over 60 søknader med total søknadsramme på om lag 7,5 mill. kr. Ordninga er ein god måte å synleggjere behova dei organisasjonseigde kulturbygga har for økonomiske tilskot til utbetring og utvikling av husa sine. Vi vidarefører derfor både ordninga og fristen i år, og reserverer ein pott på 500.000 kroner til føremålet.

Søknadane vert handsama saman med interesseorganisasjonen for lagshusa, Huset i Bygda, og med Sogn og Fjordane fylkeskommune, som handsamar spelemiddel-søknadane til lokale kulturhus. Slik får vi ei mest mogleg heilskapleg og rettvis handsaming. Svar på søknadane er ventande om lag 15. juni.

### OM SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert hausten 2010, og er saman med Sparebankstiftinga Fjaler eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Gjennom sitt eigarskap i sparebanken har stiftinga ein eigenkapital på nærare 1,8 milliardar og er dermed ein av dei største forretningsstiftingane i landet.

Stiftinga forvaltar store verdiar og har ambisjonar om å verte ein viktig aktør i samfunnsutviklinga i fylket, først og fremst som den dominerande eigaren av den største banken i fylket, men også gjennom utdeling av gåver til allmenntyttige formål. Som eigar av banken vil vi få årlege utbytter på våre eigenkapitalbevis, og deler av dette vil gjevast som støtte til lags- og kulturlivet i fylket- i god sparebanktradisjon.

Pressemelding: Balestrand Ungdomslag får aktivitetsprisen 2017



## **OM SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG:**

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Ungdomslagsrørsla, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eit fylkeslag. I fylket har vi i dag underkant av 40 lokallag. SOFUL er bindeledd mellom Noregs Ungdomslag (NU) og desse lokallaga i Sogn og Fjordane.

Som del av ein landsdekkjande organisasjon dekker vi frivillig kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift, som til dømes Balestrand Ungdomslag og Fjærland Ungdomslag.

SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediarbeid og anna kulturelt arbeid for å ivareta nynorsk som skriftspråk

